

Fra: Lucassen, Ulf[]

Sendt: 11.08.2023 15:32:00

Til: Lars Erling Koksvik[Lars.Koksvik@tingvoll.kommune.no]

Kopi:

madsgjellan@msn.com[madsgjellan@msn.com];odd.arild.bugge[odd.arild.bugge@tingvoll.kommune.no];

Stein Erik Stubmo[stein.erik.stubmo@tingvoll.kommune.no];Valentyna

Golovina[valentyna.golovina@tingvoll.kommune.no];Lars Olav Lund (lars.olav.lund@miljodir.no)

[lars.olav.lund@miljodir.no];

Tittel: Utviding av areal og tidsperiode for felling av skadegjerande gaupe i ytre del av Tingvoll kommune

Tingvoll kommune

Vi viser til dagens søknad om utviding av tidsrom og område for å få felle skadegjerande gaupe i Tingvoll kommune. Søknaden kom på e-post i dag, og den ligg ved dette vedtaket.

Det går fram av søknaden at det er vesentlege og pågåande lammetap denne beitesesongen. Statens naturoppsyn har og dokumentert tap til gaupe på innmarksbeite. Det er utfordrande reint driftsmessig å sanke sauene så tidleg som nå, og når det og er tap av lam på inngjerda beite, ser vi ikkje tidlegsanking som eit effektivt tiltak mot vidare skade nå. Det kan gi betre oversyn over tapa, men det er ikkje truleg at tapa vil bli vesentleg reduserte.

Statens naturoppsyn har lagt inn rapportar om 18 obduserte sauer frå Tingvoll i Rovbase i år. Det er dokumentert at 11 av dei er avliva av gaupe. 10 av dei gaupedrepne sauene er funne innafor det området der det er søkt om å få felle gaupe, medan ein av dei er funne lengre sør i kommunen. Dei 7 sauene som har dauda av sjukdom, raudrev eller «ikkje rovvilt» er funne utafor det området der det er søkt om fellingsløyve på gaupe. Dette tydar på at gaupe er den dominerande tapsårsaka i det området der det er søkt om fellingsløyve på gaupe.

Det har vore fellingsforsøk på skadegjerande gaupe i om lag det same området i tidsperiodane 12.06 – 19.06 og 31.07. – 10.08. Det er fordi gaupe har tatt lam over ein spesielt lang tidsperiode. Sidan det ikkje har lukkast å felle gaupe og tapa held fram, finn vi det rett å gi høve til eit nytt fellingsforsøk på gaupe.

Ut frå vurderingane ovanfor og med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77; jf. §§ 1, 3, 9 og 13 i rovviltforskrifta av 18.03.2005, samt vedtak fatta av Rovviltnemnda for region 6 26.05.2023 om kvoter for felling av skadegjerande ulv, jerv og gaupe, gir Statsforvaltaren Tingvoll kommune fellingsløyve på ei (1) skadegjerande gaupe. Dei som skal vere med i fellingslaget, må tilfredsstille krava lista opp i punkta nedanfor.

Følgjande vilkår er knytt til iverksetjing av fellingsløyvet:

- a. Fellingsløyvet gjeld frå og med 11.08.2023 til og med 17.08.2023.
- b. Fellingsløyvet gjeld innafor området vist i kart nedanfor. Fellingsforsøket skal gjennomførast tett på der det er dokumentert at gaupa har valda skade i år.
- c. Fellingsløyvet vert gitt til Tingvoll kommune, som er ansvarleg for fellingsforsøket.
- d. Gaupe i følge med ungar er unnateke frå fellingsløyvet.
- e. Mads Endre Gjellan er fellingsleiar. Medlemmer i fellingslaget er meldt inn til Statsforvaltaren. Endringar skal meldast inn til Statsforvaltaren før nye medlemmer kan ta del i oppdraget. Fellingsleiar er ansvarleg for at alle som tek del i fellingsforsøket er kjent med vilkåra i dette vedtaket.
- f. Fellingsleiar og deltakarane i fellingslaget skal vere registrerte som lisensjegerar, jf. Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, av 22. mars 2002, §§ 13 og 14.

- g. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstillar krava til jakt på gaupe, jf. Forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
- h. Felling eller forsøk på felling skal umiddelbart meldast til Statsforvaltaren på tlf. 90 92 60 16 og til Statens naturoppsyn.
- i. Dersom gaupe vert skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogeleg. Skyttar pliktar å forvisse seg om påskote dyr er truffe eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphald underrette Statsforvaltaren og næraste politimynde (tlf: 02800). Statsforvaltaren avgjer vidare gjennomføring og avslutting av ettersøk. Dei som har deltatt i fellingsforsøket skal bistå forvaltningsmynde eller politimynde i det vidare ettersøket.
- j. Gaupe felt i medhald av dette løyvet er viltfondet sin eigedom. Etter § 16 i Forskrift om forvaltning av rovvilt, skal jeger vise fram felt dyr for SNO for kontroll og prøvetaking så snart som råd etter felling. Jeger skal kunne påvise fellingsstad dersom SNO, politi eller Statsforvaltaren ber om det.
- k. Felling og forsøk på felling etter dette løyvet kan gjennomførast uavhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltloven § 35.
- l. Det er krav til rapportering knytt til skadefellingsforsøket. Tingvoll kommune skal utarbeide ein tilsyns-/fellingslogg som skal registrerast i Miljøvedtaksregisteret etter at skadefellingsløyvet er utgått, jamfør rettleiar M-1440|2019. Sluttrapport skal vere levert seinast 1. september 2023

Det kan nyttast laus hund med unnatak av «laus på drevet halsande hund» til hjelp under fellingsforsøket på gaupe på følgjande vilkår:

- Hunden skal ha GPS-sendar slik at hundeførar til ei kvar tid har oversikt over kor hunden er
- Hunden skal berre sleppast på ferske spor som ein veit sikkert er frå gaupe
- Når ferske «spor» blir oppdaga ved bilete frå utsett viltkamera, skal det ikkje settast i gang fellingsforsøk dersom bilete viser fleire gauper saman. Dette for å unngå å starte fellingsforsøk på familiegruppe av gaupe.
- Dersom hunden slår over på anna vilt eller husdyr skal hundeførar raskt kalle inn hunden
- Husdyreigarar i området må godkjenne at hund kan sleppast laus
- Kommunen må gi dispensasjon frå reglane om bandtvang

Vi gjer merksame på at Statsforvaltaren ikkje vil kunne erstatte eller på nokon måte kompensere for tap som skuldast at bufe blir drepne eller skada på grunn av fellingsforsøket.

Statsforvaltaren innvilga kr 60 000,- til jegerløn for fellingsperioden 31.07. – 10.08.2023; jf. § 9a i rovviltforskrifta. Sia kommunen har nytta lite av denne løyvinga, reknar vi med at det står att nok midlar til å gjennomføre fellingsforsøket i veka som kjem.

E-post: ulf.lucasen@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvalteren.no/mr

Frå: Lars Erling Koksvik <Lars.Koksvik@tingvoll.kommune.no>

Send: fredag 11. august 2023 13:26

Til: Lucasen, Ulf <ulf.lucasen@statsforvalteren.no>

Kopi: madsgjellan@msn.com; odd.arild.bugge <odd.arild.bugge@tingvoll.kommune.no>; Stein Erik Stubmo <stein.erik.stubmo@tingvoll.kommune.no>; Valentyna Golovina <valentyna.golovina@tingvoll.kommune.no>

Emne: Ny søknad om skadefelling av gaupe i Tingvoll kommune

Søknad om nytt skadefellingsløyve på gaupe i Tingvoll kommune. Vi ber om at skadefellingsområdet utvides fra forrige tillatelse, slik at Høgjellet og området mot Gyl blir tatt med i tillegg til det som var definert fra Torjulvågen via Fløystad til Magnhildberget/Årsund. Det søkes også om å kunne benytte løs stillende hund (spisshund) under skadefelling.

- Det er tidligere sendt inn tillatelse fra beitebrukere for å kunne bruke løs rovvilthund i beiteområdet. Hund som er aktuell å bruke er klauv- og sauerein.
- Kommunen har tidligere gitt dispensasjon i fra båndtvangen ut august måned (vedtak sendt tidligere til Statsforvalteren i Møre og Romsdal.

Bakgrunnen for ønske om utvidelse av område, er at en god del av sauene til beitebrukerne er blitt spredd utover et stort område, og det er vanskelig å få oversikt over tapene for flere av besetningene. Gaupa har i mange år holdt til og medført store tap av lam i hele området fra Gyl og Torjulvågen, og utover Tingvollhalvøya. Vi mener det er uheldig hvis det er ei påtegnet grense midt på Tingvollhalvøya som skal hindre felling når gaupa bruker hele skog og fjellområdet på halvøya.

Skadefellingslaget i Tingvoll har ikke lyktes i å ta ut gaupe i skadefellingsperioden 31/7-10/8. Dette skyldes flere grunner, men det har ikke vært dokumentert nye tap av lam i området Fløystad – Torjulvågen etter at Statsforvalteren innvilget felling av ei gaupe i denne perioden. Dette kan henge sammen med at skadegjørere har flyttet litt på seg, men også og at det kan ha vært mindre folk i terrenget på grunn av påvente på skadefellingsforsøk, sauene er mer spredd og det har vært dårlig vær i tillegg. Det er satt ut mange viltkamera i skoglia i området Fløystad - Jordalen, men ingen har rapportert bilder/video av gaupa. Dette har gjort at skadefellingslaget ikke har iverksatt jakt fordi man ikke har hatt noe ferskt i området Fløystad – Torjulvågen.

Men 6. august ble det konstatert gaupetatt lam på Rakstang Straumsnes, og SNO dokumenterte dette i forbindelse med kontroll av kadaveret. Kommunen søkte den 8. august om å få utvidet fellingsområdet og samtidig forlenget skadefellingstillatelsen og bruken av stillende hund (spisshund). Statsforvalteren innvilget å øke skadefellingsområdet, men forlenget ikke tillatelsen lengde fordi søknaden hadde lite informasjon om utviklingen på tap i området. Det kan være utfordrende å skaffe slik informasjon i et stort område.

Torsdag 10. august ble et nytt lam funnet tapt på Rakstang innenfor inngjerdet beiteområde. Sauene ble flyttet fra et inngjerdet beite etter at lammet ble tatt natt til 6. august. De ble så flyttet igjen i går og da viser det seg at det mangler 3 lam innenfor det nye inngjerdet område.

Kommunen kan også melde at vi har fått tilbakemelding fra en besetning om de mangler ytterligere 15 lam fra det opprinnelige skadeområdet. For denne besetningen ble det funnet et gaupetatt lam i Kamlia forrige uke. Foreløpige tapstall fra fellingsområdet ser ut til å være ca. 127 lam fordelt på 6 besetninger.

Det skal nå være minst 9 viltkamera i området (noen eid av kommunen og noen med privat eierskap). Kommunen har gått til innkjøp av 4 nye Reolink-kamera som kan rapportere online. Forhåpentligvis vil skadefellingsforsøk kunne iverksettes raskt etter video-/billedokumentasjon av hvor gaupa befinner seg.

Ressursbruken fra kommunen er ca. kr. 50.000,- under fellingsforsøket perioden 12. - 19. juni 2023. I andre periode ble det kun brukt ca. 2.500,- da man prioriterte bruk av hund og i og med at vi ikke hadde noe ferske spor å sette hunden på, så har det gått lite økonomiske ressurser i perioden 31/7 – 10/8.

Nytt fellingsforsøk vil bli gjennomført med samme mannskap som ble meldt inn til Statsforvalteren i Møre og Romsdal for vedtaket i perioden 31/7-10/8.

Vi ber om rask behandling skulle det dukke opp ferske kadaver eller nye bilder/videoer.

Mvh

Lars Erling Koksvik

Skogbrukssjef/viltforvalter i Tingvoll